



- des folk's trivsel!

STORDAL KOMMUNE	
KOMM. OG REG. DEP	
30 JAN 2006	
05/3280-80	
Sak:	661.0
Avd.:	KO / KØ / HER

SAKSPAPIR

KOPI

Endeleg vedtaksorgan: Formannskapet
Saksansvarleg.: Leif Kirkebøe

Arkiv: 151
Objekt:

Arkivsaksnummer
2005000677

SAKSGANG

Saksnr	Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Sakshandsamar
007/06	Formannskapet	25.01.06	LK

NOU 2005:18 - FORDELING, FORENKLING, FORBEDRING - INNTAKTSSYSTEMET FOR KOMMUNER OG FYLKESKOMMUNER - HØYRING

Vedlegg i saka:

1. Skriv frå Kommunal- og regionaldepartementet, dagsett 28.10.05.
2. Skriv/mail frå KS Møre og Romsdal av 13.12.05 vedlagt:
 - "Drøfting av ulike sider ved inntektssystemets rapport NOU 2005 : 18" handsama av Styret i KS Møre og Romsdal den 02.12.05.
 - Diverse tabellar frå NOU 2005 : 18.
3. Artikkel frå Kommunal Rapport.

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

1. NOU 2005 : 18.

Saksopplysningar

Ved kongeleg resolusjon av 3.oktober 2003 vart det oppnemnd eit offentleg utval for å gjennomgå og evaluere inntektssystemet for kommunal sektor.

Inntektssystemet er eit system for fordeling av statlege rammetilskot til kommunar og fylkeskommunar. Etter at rammetilskotsordninga vart innført i 1986, har det vore gjennomført fleire revisjonar av ordninga. Siste større justeringa/omlegginga fann stad i 1997 på grunnlag av Rattsø-utvalet sitt framlagde forslag.

Det har vore ein føresetnad at inntektssystemet skulle gjennomgåast og reviderast om lag kvart tiande år.

I det oppnemnde utvalet på 13 personar, kjem 5 frå Oslo, 2 frå Oppegård, 2 frå Bærum, 1 frå Notodden, 1 frå Drammen, 1 frå Tromsø og 1 frå Trondheim, m.a. o. har ingen små/mellomstore kommunar og heller ingen distriktkommunar vore representert i utvalet.

I det opphavelige mandatet til utvalet skulle fygjande leggjast til grunn:

"Regjeringens mål er å styrke lokaldemokratiet og øke kommunenes handlefrihet. Beslutninger skal fattes så nær brukerne som mulig, og innbyggerne skal oppleve nærhet til og innflytelse over beslutningene i lokalsamfunnet. Innbyggerne skal oppleve å bli tilbudt likeverdige tjenester av god kvalitet, samtidig som organiseringen av tjenesteproduksjonen skal sikre best mulige tjenester til lavest mulig kostnad. Kommunen må settes i stand til å behandle private og kommunale aktører likt.

Regjeringen legger derfor til grunn at rammefinansiering fortsatt skal være hovedfinansieringsmodellen for kommunal sektor.”

Utvalet si innstilling er eit svært omfattande dokument på over 500 sider.

Målet til inntektssystemutvalet har vore å forbetre fordelingsmekanismen i systemet, forenkle systemet samt å forbetre systemet sin verkemåte.

I møte den 16.03.2005 sette rådmannsutvalet i KS Møre og Romsdal ned eit utval som skulle følgje inntektssystemutvalet sitt arbeid for seinare å kunne bistå kommunane i fylket med relevant informasjon. Utvalet har bestått av Per Hovden – Ørsta kommune, Kurt Magne Thrana - Molde kommune og Gregus Kristensen - Averøy kommune.

NOU 2005 : 18 vart offentleggjort 10.oktober 2005, og har vorte presentert i KS regi ved ulike høve, m.a. på Haustkonferanse i Ålesund 26.-27.oktober.

Rådmannsutvalet sin uttale på vegne av KS Møre og Romsdal, d.v.s. ein samla/generell uttale på vegne av kommunane i Møre og Romsdal, ligg ved som vedlegg i saka. Jf vedlegg 2.

Stordal kommune kan gi si tilslutning til denne uttalen, eventuelt med ev endringar sett utifrå Stordal kommune sin ståstad, ev utarbeide ein eigen uttale.

Vurdering:

Rådmannen vil rå til at Stordal kommune gir sin tilslutning til uttalen frå rådmannsutvalet i KS Møre og Romsdal, d.v.s. ein uttale som gjeldande også for Stordal kommune.

Som den kommunen i fylket som matematisk kom dårlegast ut ved innføring av dei nye kriteria/indeksane, vil det likevel vere maktpåleggjande å understreke det utvalet har peikt på under pkt **4.3 – Regional- og distriktpolitikk**.

Ettersom det er svært mange kommunar, inkl Stordal, som kjem svært dårleg ut som fylgje av den omlegging som er foreslått - samstundes som denne delen av arbeidet har vorte "salderingsposten" for å få sluttført utvalsarbeidet innan fristen, bør denne delen gjennomgåast- og vurderast på nytt.

Ein kan vanskeleg forstå at den "økonomiske rasering" det foreslåtte vil medføre for distriktsnorge, kan vere tilstrekkeleg gjennomtenkt. Resultatet ville i alle høve vere lite i samvar med noverande regjering sin distriktsprofil og sin uttalte satsing på distrikta.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Stordal formannskap gir si tilslutning til vedlagde uttale til NOU 2005, slik denne ligg føre etter handsaming i styret i KS Møre og Romsdal den 02.12.05.
2. Stordal formannskap vil sterkt understreke behovet for ein ny gjennomgang og vurdering av dei distriktpolitiske verkemidla. Slik forslaget no ligg føre, vil dette få heilt uakseptable verknader for svært mange distriktskommunar. Opplegget vil gi resultat som vil vere i direkte motstrid med noverande regjering sin distriktsprofil og uttalte satsing på distrikta.

FORM-007/06 VEDTAK:

Rådmannen si innstilling samrøystes vedteken.